

Anette Kaland
Representant 6 for Arbeidarpartiet
Kalandssjøen 82b
5953 FONNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/852 - 2 / KTJ

Dato:
21.09.2023

Velkommen som folkevald i Austrheim kommune

God torsdag og gratulerer med valresultatet!

Dette brevet går ut til alle nye folkevalde i Austrheim, som har fått fast plass eller varaplass i kommunestyret. Det er mange ting de må hugsa på, og enda fleire ting de må gje oss i administrasjonen beskjed om, så de kan rekna med at det kjem fleire brev frå oss framover.

Samfunnshuset er fast møteplass for administrasjonsutval, formannskapet, levekårsutvalet og kommunestyret. Der er det montert utstyr for streaming av møta til <https://austrheim.kommunetv.no/> (men administrasjonsutvalet blir ikkje streama).

Torsdag er fast møtedag for formannskapet (start klokka 09.00 eller der omkring) og kommunestyret (start klokka 18.00, men tidlegare i desember og juni).

Desse dagane er du oppteken som polititar i haust, frå og med den nye kommunestyreperioden:

- Torsdag 26. oktober klokka 18.00 er det tid for det konstituerande møtet i kommunestyret. Her skal de velja medlemmer til formannskap og levekårsutval, i tillegg til andre val og nokre politiske saker. Det kjem eiga innkalling til alle faste medlemmer i kommunestyret.
- Torsdag 2. november klokka 09.00 er det kalla inn til både formannskap og kommunestyre. Dette er det møtet der formannskapet skal leggja 2024-budsjettet ut på høyring, og før dei gjer det, vil administrasjonen orientera om den økonomiske no-situasjonen og framtidssiktene. Når budsjettet er lagt ut på høyring kan resten av kommunestyret gå heim (eller på jobb), medan formannskapet jobbar seg gjennom andre saker. Det kjem eiga innkalling til alle faste medlemmer i formannskap og kommunestyre.
- Torsdag 9. november og fredag 10. november er det folkevaldopplæring for det nye kommunestyret, på dagtid type 08.30 til 15.30, med kursrettlearar frå kommunesektorens organisasjon KS. Desse to dagane skal me vera i Kilstraumen. Det kjem eiga innkalling, merk at her vert både faste medlemmer og ein viss del av varamedlemmene kalla inn, akkurat kor mange veit eg ikkje heilt per no.
- Måndag 27. november er det administrasjonsutval klokka 09.00, og formannskap klokka 10.00. Merk at denne gongen er det måndagsmøte. Medlemmene får eiga innkalling.
- Torsdag 14. desember er det klart for årets siste kommunestyre, møtestart klokka 15.00, vedtak av mellom anna budsjett og økonomiplan, og sikkert noko pinnekjøtt innimellom.
- Møteplanen for 2024 er ikkje vedteken enno.



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Du er kanskje vara, og tenkjer at dette gjeld vel ikkje deg?

- De 17 som er faste medlemmer i kommunestyret kan skravera datoar i kalenderen, sei frå til sjefen på jobb og i heimen, for de veit at desse dagane/kveldane er de opptekne med møte.
- De som er på varalista får særskilt innkalling dersom de skal møta.
- Varalista er nummerert, og den som er først blir kalla inn først, jamfør Kommunelova § 7-10.
- De som er øvst på varalista må gjerne notera datoane. Forfall vil det vera frå tid til anna, av og til på kort varsel, med tilsvarande kort varsel til den som får innkalling som vara.

Kva skal til for å melda forfall til formannskap eller kommunestyre?

- Den folkevalde pliktar å møta, med mindre vedkommande har gyldig forfall, jamfør Kommunelova § 8-1.
- Den folkevalde har rett på fri frå arbeid, jamfør det som står i Kommunelova § 8-2 om fri når det er nødvendig på grunn av møteplikt.
- Det står også noko om dette i «Reglement for kommunestyret», som de finn på kommunen si heimeside, gå på framsida og skriv inn «Politisk reglement» i Spør Kari-feltet.
- Det er viktig at de gjev beskjed om forfall så tidleg som mogleg. Slik kan me sikra at det vert kalla inn vara, og at desse får tid til å førebu seg skikkeleg. Særleg gjeld dette dagsmøta i kommunestyret, som til dømes dei faste økonomidagane i mai månad kvart år.
- Sjekk møtekalenderen når den er klar, og ser du at er i Barcelona eller Barentshavet på møtedagen så gjev du beskjed om det.

Kvar finn du informasjon om politiske saker?

- Møteplanen ligg på kommunen si heimeside, du finn den på lenka <http://innsyn.sing.no/Austrheim/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>
- Alle politiske saker er tilgjengelege der, når innkallinga til det enkelte møtet er sendt ut.
- I oktober/november skal alle kommunane i regionen bytta system for sak/arkiv, frå Acos Websak til Elements frå Sikri. Det betyr at alt dette med møteinnsyn med meir vil bli endra noko i haust.
- Dei som allereie er folkevalde kan brifa med tilgang på Politkarportalen, der ein også vil kunna sjå saker som er unnateke offentlegheit, dersom det skulle vera slike til handsaming.
- Det nye kommunestyret vil også få oppretta brukar i Politkarportalen/tilsvarande.

Får eg betalt for å vera folkevald?

- Det gjer du, det er eit reglement som gjeld i haust og eit nytt som gjeld frå 1. januar 2024.
- Enkelt sagt så er det i haust 1.200 kroner per møte for representantar som møter i kommunestyret (faste og innkalla som vara), og tilsvarande for dei som er møter som vara i formannskapet.
- Faste medlemmer i formannskapet har fast sats, 5 prosent av godtgjeringa til ordførar, som igjen er lik den for stortingsrepresentantar.
- Det er egne satsar for godtgjering for tapt arbeidsforteneste.

Hjelp, eg skal flytta frå kommunen!

- Bur du ikkje i Austrheim, så er du ikkje valbar jamfør Kommunelova § 7-9.
- Du treng ikkje søka om å få flytta, men blir tvert om tuppa rett ut av både fast plass og varaplass.
- Det som er viktig er at du gjev beskjed, slik at administrasjonen veit at du til dømes ikkje skal kallast inn som varamedlem til kommunestyret.
- Dersom det minkar på varamedlemmene, må kommunestyret gjennomføra eit suppleringsval, som nemnt i Kommunelova § 7-10. Administrasjonen kan ikkje kalla inn varamedlemmer utover dei som er valde på valdagen, utan at det først er gjennomført suppleringsval.

Ugildskap og sånt noko, kva reglar gjeld?

- Det står litt om dette i «Reglement for kommunestyret», som nemnt over finn de dette på kommunen si heimeside, gå på framsida og skriv inn «Politisk reglement» i Spør Kari-feltet.
- KS har eit eige styrevervregister der informasjon skal leggest inn, de finn dette på www.styrevervregisteret.no
- For å få til gode vurderingar kring gildskap, er det viktig at de gjev tidleg beskjed til administrasjonen om det er saker der de kan vera ugilde. Slik rekk administrasjonen å be juristen gjera vurderingar, og ev. kalla inn vararepresentant.

Er du digital?

- Dette brevet sender me digitalt, slik at dei med Digipost eller E-boks får det smokk rett inn i appen på telefonen.
- Balar du ikkje med slikt, så er dette ein fin sjanse til å gå til den statlege nettsida Norge.no, og laga seg ein digital postkasse, sjå <https://www.norge.no/nn/digital-borgar/vel-digital-postkasse>
- Andre får kanskje ei tekstmelding frå Altinn om at det offentlege ønskjer å plaga deg med eit brev, og ventar du lenge nok så vert det skrive ut ein plass og sendt deg som brevpost.
- Digital post er sikker, rask og rimeleg 😊
- Innkallingar til kommunestyret har me brukt å senda som e-post. Pass på at du skriv rett (sjå under her) når du melder inn adresse, og at det er ein e-post som ikkje er veldig kresen på storleik på vedlegg.
- Endrar du til ein annan e-post, må du gje beskjed.

Kva må du melde inn til oss?

- Send oss ein e-post PRONTO til post@austrheim.kommune.no, ring 56 16 20 00 eller legg ein lapp ved Dagsturhytta på Vardetangen, med:
 1. Namnet ditt (så me ikkje rotar det til)
 2. E-postadressa di
 3. Kontonummeret ditt for møtegodtgjering (utan kontonummer, ingen pesetas)
 4. Mobilnummer

Kommunestyret ja, men kva med råd, utval, representantskap og representantar?

- Det nye kommunestyret skal så raskt som mogleg velja sine medlemmer til Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), og representantar til alt frå Bergen og Omegn Friluftsråd til Aufera si generalforsamling.
- I inneverande periode har ein representant frå kvart parti vore med i valnemnda. Den nye nemnda må dannast no, og må starta sitt arbeid før det konstituerande møtet.

Heilt til slutt:

- Sidan det var litt plass igjen her, så kan me jo ønskja dykk velkomne til kommunestyret. Dette blir kjekt 😊

Med helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Bjørnar Fjellhaug
Kristin Nesbø

KALANDSSJØEN 27

5953

FONNES

Mottakere:

Anette Kaland	Kalandssjøen 82b	5953	FONNES
Ann Kristin Leirvåg	Leirvågsvegen 59	5953	FONNES
Asbjørn Svein Brandtun	Austrheimsvegen 1417	5943	AUSTRHEIM
Aslak André Bakke	Solevegen 12	5943	AUSTRHEIM
Bjarte Næss	Øksnesvegen 164	5943	AUSTRHEIM
Bjørn Inge Håland	Åråshøgda 43	5943	AUSTRHEIM
Dyrkolbotn			
Casper Emil Ramsland	Fonnes 42	5953	FONNES
Dag Arne Solberg	Høgeberget 5	5943	AUSTRHEIM
Dagfinn Ånneland	Vardevegen 6	5953	FONNES
Evelyn Risnes Bjørnbekk	Blomhaugane 76	5943	AUSTRHEIM
Frank Erik Øksnes	Øksnesvegen 147	5943	AUSTRHEIM
Gjertrud Johnsen	Åråshøgda 43	5943	AUSTRHEIM
Dyrkolbotn			
Gro Kaland	Kalandssjøen 1a	5953	FONNES
Hege Bergsvik Sætre	Austrheimsvegen 788	5943	AUSTRHEIM
Hege Ramsland	Fonnes 42	5953	FONNES
Idar Johan Hopland	Postboks 20	5941	AUSTRHEIM
Ingeborg Lohne Hordvik	Blomhaugane 51d	5943	AUSTRHEIM
Ivar Harald Bergsvik	Bergsvika 1	5943	AUSTRHEIM
Jan Erik Espelid	Reshamrane 7	5943	AUSTRHEIM
Jan Olav Øksnes	Øksnesvegen 104	5943	AUSTRHEIM
Janina Vågheim Fenne	Dyrneset 104	5943	AUSTRHEIM
Joakim Haglund	Øksnesvegen 235	5943	AUSTRHEIM
Kari Anne Fadnes	Kalandsneset 26	5953	FONNES
Katrine Berge Longva	Austrheimsvegen 378	5953	FONNES
Kristian Semmingsen Lerøy	Njøtevegen 30a	5943	AUSTRHEIM
Kristoffer Myklebusthaug	C/O Myklebusthaug Management A, Fonnes 50	5953	FONNES
Line Sætre	Bandakslivegen 373a	3849	VRÅLIOSEN
Lise Renate Helle	Ervikvegen 30	5953	FONNES
Magnus Kvingedal	Høgeberget 29	5943	AUSTRHEIM
Monika Thorpe	Blomhaugane 46	5943	AUSTRHEIM
Morten Håkon Sognnes	Austrheimsvegen 102	5953	FONNES
Odd-Marthin Totland	Kalandssjøen 89	5953	FONNES
Ole Andreas Moen	Åråshøgda 24	5943	AUSTRHEIM
Oskar Nordgard	Blomhaugane 60	5943	AUSTRHEIM
Per Lerøy	Lerøyvegen 156	5943	AUSTRHEIM
Pål Andreas Håland	Austrheim 49	5943	AUSTRHEIM

Mottakere:

Dyrkolbotn			
Reidar Ulvøy	Ulvøyna 38	5943	AUSTRHEIM
Reidar Øksnes	Postboks 68	5941	AUSTRHEIM
Renee Hansen Semmingsen	Blomhaugane 74	5943	AUSTRHEIM
Siv Inga Brekke	Høgeberget 17	5943	AUSTRHEIM
Sjur Brandtun	Njøtevegen 20	5943	AUSTRHEIM
Solveig Håland	Baløyvegen 278	5943	AUSTRHEIM
Stig Anders Totland	Leirvågsvegen 110	5953	FONNES
Terje Håland	Baløyvegen 278	5943	AUSTRHEIM
Therese Vik	Vardemyrvegen 29	5953	FONNES
Tor Slettbakk	Høgeberget 4	5943	AUSTRHEIM
Tore Svendsen	Høgeberget 28	5943	AUSTRHEIM
Øyvind Ullestad	Bakkavegen 75	5953	FONNES
Ådne Breisnes Utkilen	Kvalvågen 50	5943	AUSTRHEIM